



## Notat

Dato: 10.03.2017  
Arkivsak: 2017/2557-1  
Saksbehandlar: katclar

### Rapport om Fylkeskommunenes europeisk arbeid utarbeid av Utanriksdepartementet på oppdrag frå tidligare statsråd Vik Aspaker.

Utanriksdepartementet har utarbeidd ein rapport på oppdrag frå tidligare statsråd Vik Aspaker. Rapporten inngår i Utanriksdepartementets samarbeid med Kunnskapsdepartementet om regional mobilisering av offentleg sektor til EU sitt forskingsprogram Horisont 2020 og andre EU-program for prosjektsamarbeid.

Rapporten, «[Fylkeskommunenes europeiske arbeid: Omfang og mangfold. En sammenstilling av fylkeskommunenes europeiske arbeid. Viktige roller for de nye regionene](#)» tilrar tettare samarbeid mellom fylkeskommunane for å gjere det internasjonale arbeidet så effektivt som mogleg. Rapporten gir ei rekke døme på god praksis og peiker på nokre kjenneteikn ved vellykka europeiske prosjekt. Rapporten viser fleire gongar til naudsynt forankring i leiinga sine prioriteringar som sikrar at europeisk samarbeid er ein integrert del av oppgåveløysinga i fylket. God forankring av det europeiske samarbeidet i den politiske og administrative leiing i fylkeskommunane har stor tyding for suksess. Rapporten seier og korleis deltaking i europeiske paraplyorganisasjonar gir innflytelse og til slutt skisserer den 18 forslag til korleis ein kan følgje opp det som kjem fram i rapporten. I kapittel 6 er desse knytt særlig opp mot rollen til dei nye regionane som samfunnsutviklar, i eit europeisk perspektiv.

I følgje Utanriksdepartement skal tilrådingane følgjast opp i tett dialog med fylkeskommunane og sentrale aktørar som departement, KS, Norges forskingsråd, Innovasjon Norge og Senter for internasjonalisering av utdanning (SIU) samt dei norske regionkontora i Brussel.

Rapporten om fylkeskommunenes europeiske arbeid inngår også som ledd i førebuingane til neste møte i Europapolitisk forum for sentrale, regionale og lokale myndigheter samt Sametinget, 14. – 15. mars 2017 i Brussel.

#### Nærare om rapporten

Kapittel 2 gir ein oversikt over fylkeskommunenes europeiske arbeid.

Kapittel 3 gir ei rekke døme på vellukka europeiske satsingar som fylkeskommunane har gjennomført.

Kapittel 4 omtalar dei viktigaste kjenneteikna ved vellukka europeiske prosjekter der norske fylkeskommunar har spela ei viktig rolle.

Kapittel 5 gir ei nærmare omtale av dei viktigaste statlige verkemidlane fylkeskommunane kan spele på for å sikre at sine europeiske satsingar vert vellykka. Dei europeiske verkemidlane og dei europeiske samarbeidsorganisasjonane opnar dørene og gir tilgang til ressursar, men det vil vere dei nye regionane sine eigne initiativ og innsatsvilje som gir suksess.

Kapittel 6 forsøker å beskrive aktuelle nye roller for dei nye regionene. Forsлага handlar om å identifisere korleis dei nye regionene kan spele ei rolle i utviklinga av landets innovasjonskraft, kompetansebygging,

tilgang på arbeidskraft, kultur og tenleg infrastruktur, og korleis regionene vil ha nytte av å integrere europeisk samarbeid i si oppgåveløysing.

Vedlegg

- 1 "Fylkeskommunenes europeiske arbeid. Omfang og mangfold. En sammenstilling av fylkeskommunenes europeiske arbeid. Viktige roller for de nye regionene"